

Årsmelding Gulen kyrkjelege fellesråd 2019



«Nær Gud, nær menneske»

Årsrefleksjon 2019 frå vikarprest Geir Sørebo, Gulen

Gjennom 2019 har eg vikariert 100% i Gulen fram til 1. april, og frå midten av mai og ut året med unntak av juli månad. Eg har i hovudsak gjort tenester i Gulen og Brekke sokn, men og hatt nokre tenester i Mjømna og eit par i Masfjorden – dette har vore både gravferder, gudstenester og vigslar.

Det har vore fint å ha tenester i dette området som eg kjenner godt frå prostetenesta mange år attende, og eg har hatt mange tenester før i alle kyrkjene både i Gulen og Masfjorden. Det at eg bur eit stykke utanfor sokna gjer at mitt nærvær som vikar vert noko fjernare enn det ideelt sett burde vore (ca. to timars køyretid kvar veg til Eivindvik), spesielt for staben i Eivindvik er dette eit minus.

Konfirmerte

Statistikken viser at talet på konfirmantar har vore rimeleg stabilt dei siste 5 åra (i overkant av 30), med dei svingingar som er størrelsen på årskulla gjev. Så godt som alle 9.-klassingar vert konfirmerte. Konfirmasjonen er framleis sterkt forankra i bygdemiljøet i Gulen.

Gudstenester

Talet på søndagsgudstenester har vore konstant dei siste åra. Dette er fordi ein følgjer gjeldande gudstenesteforordning som seier at det skal vere gudsteneste kvar søndag i ei av kyrkjene i Gulen. Ein følgjer i hovudsak ein turnus som gjev gudsteneste 3.-kvar søndag i kvart av dei tre sokna. Dette er ein god rytme som folk er vande til. Gjennomsnittsfammøtet (57) er 3 høgare i 2019 enn i 2015. Talet varierer litt frå år til år, men har i snitt ikkje vore synkande dei siste 5 åra.

Dei store kyrkjedagane (julaftan, konfirmasjon, hausttakkefest, pinse på Gulatinget osv.) løftar gjennomsnittstalet betrakteleg, sameleis dåpsfølgja. Det vil seie at på ein «vanleg» søndag utan dåp i gudsteneesta vil fammøtet kanskje vere på under 40% av gjennomsnittstalet i statistikken, altså rundt 20. Gudstenedeltakinga på ein «vanleg» søndag er ikkje spesielt høg, men ein har i alle sokna ein lita trufast gruppe kyrkjegjengarar over 50 år. Eg meiner at den faste rytmiske gudsteneeste kvar 3 veke i kvar kyrkje er positivt for fammøtet.

Julaftan var det fulle kyrkjer, samt bra fammøte på juledag også. Difor meiner eg det er verdt å bruke ressursar på at alle kyrkjene har gudsteneeste julaftan.

Det var skulegudsteneeste før jul i alle sokn unnateke Mjømna.. Desse fungerte godt, og det var eit positivt samarbeid med skulane.

Nattverd

Gjennom den siste 5-års perioden har talet på nattverdsgjester auka (755 i 2015 og 1078 i 2018 og 995 i 2019). Auken har vore større enn auken i gudstenedeltaking. Det er to grunnar til dette: Først er det litt fleire gudstenester med nattverd og dernest er det større prosent av dei som er i kyrkja som deltek i nattverden. Dei siste åra har ein stort sett utdelt nattverden i midtgangen, anten ved intinksjon eller ved bruk av særkalkar som er utsette på eit bord. Dette har medført at fleire vågar seg med, ikkje minste born og konfirmantar og rørslehemma kyrkjegjengarar. Ikkje sjeldan vert også folk frå dåpsfølgje med i nattverden. Dette ville ikkje skjedd så lett dersom ein skulle knele på altarringen. Og så kan det kanskje vere litt ulike meiningar om at nattverden vert «alminneleggjort» på denne måten.

Dåp

Dåpstala er den staden i statistikken der det er tydeleg nedgang gjennom dei siste 5 åra. Frå 24 i 2015 til 14 i 2019. At dette er låge tal, ser ein lettast av at talet på konfirmantar framleis ligg over 30 på årsbasis. Vi har vel ikkje informasjon som gjer at vi kan seie presist kva som er grunnen til dette, men truleg vert det fødte færre born av foreldre som er medlemmer i Den norske kyrkja, og dels er det nok ein del medlemmer som ikkje døyper borna sine. Dette er nok eit symptom på at kyrkja er for dårleg kontakt med unge familiar i dag.

Kyrkjelege vigslar

I heile 5-års perioden var det 29 vigslar i Gulen kommune. Heile 19 av desse var i Mjømna sokn, og då for det meste knytt til Skjerjehamn (hotell + utandørs vigsle ved Kongestatua). Vigslene på Skjerjehamn er i hovudsak utansogns vigsler. Dette vil seie at det er i snitt berre ein 2-3 vigsler kvart år for folk som bur i Gulen kommune.

Innmelding og utmelding

Gjennom dei siste 5 år har det berre vore ei innmelding kvart år, bortsett frå ein topp på 13 utmeldingar i 2016, så er det også få utmeldingar.

Konklusjon

Deltakinga i kyrkjelyden sitt liv held seg rimeleg stabil hjå dei som er over 50. Det er mange gode gudstenester med god deltaking og høg musikalsk kvalitet. Det er også mange friviljuge og tilsette som gjer eit fint arbeid for å tilrettelegge ramma rundt gudstenestene.

Men dei yngre er passive medlemer og vitjar kyrkja berre ved spesielle høve.

At kyrkjelege vigsler nesten er fråverande og talet på dåp går markert nedover, er symptom på dette. Likevel har det vore godt frammøte der born har vorte spesielt inviterte, slik som utdeling av 4-årsbok og 7-årsbok, gjerne kombinert med hausttakkefest og juleverkstad kombinert med gudsteneste.

Dette viser kanskje at det ikkje berre er manglande interesse frå dei yngre som er årsaka, men at lokalkyrkja også har for lite å tilby dei unge familiane som er tilrettelagt spesielt for dei. Kyrkja kjem i dag i ein skvis mellom mange tilbod og aktivitetar, og det som kyrkjelyden inviterer til, må ha høg kvalitet dersom ein skal finne rom for det og prioritere det.

I dag har kyrkja i Gulen for lite ressursar inn mot barne- og ungdomsarbeidet. Det er også eit sagn at ein ikkje har ein fast tilsett sokneprest som bur på staden og som kan vere ein inspirator inn i dette arbeidet.

Sørebø, den 27. januar 2020

Geir Sørebø

Råd og utval

Det har vore 5 møter i fellesrådet, som har bestått av:

Målfrid Undertun, leiar, Inger Lise Einbærholm, Iddi Glenjen, Sissel Anita Kvame, Kjell Kversøy, Magnus Oppedal, Odd Harald Eide (kommunal repr) og Geir Sørebø (geistleg repr).

Vara: Signe Baarøy, Kristin Kjelby, Jan Henrik Leknes, Kristin Mjanger, Turid Strømsnes, Anne Kristine Evjeth Ytreøy og Bjørn Magne Hansen (geistleg repr).

Administrasjonsutvalet har bestått av fellesrådet pluss to frå dei tilsette: Margrethe Skåden og Peter t. Jobbagy.

Val av nytt fellesråd

Val av nytt fellesråd

Valet 9.september blei gjennomført i høve til den nye soknestrukturen som Kyrkjerådet godkjende som ei prøveordning i valperioden 2019-2023. I staden for tre sokneråd er det no eitt, Gulen kyrkjelege råd, GKR. Med den nye ordninga med eitt sokn er soknerådet samanfallande med fellesrådet, med tillegg av vald kommunal representant. Biskopen oppnemner geistleg representant.

Tidlegare leiar i fellesrådet, Målfrid Undertun blei takka av ny leiar Åse Haugen på fellesmøtet i desember.

Medlemar og vara i Gulen kyrkjelege råd, GKR, og fellesrådet, GKF, etter valet:

Sokn	Medlem	Vara
Brekke	Einar Takle	Jan Even Østerbø
	Kåre Sigurd Krakhella, nestleiar	Herfinn Takle
		Olaug Tveit Evensen
Gulen	Åse Haugen, leiar	Asbjørn Karl Neverdal
	Haldis Steine	Anita Vevang Nilsen
		Elin Systad Lihaug
Mjømna	Anne Kristine Eventh Ytreøy	Bente Iren Haugen
	Mina Cathrin Dahl Andreassen	Sølvi-Ann Oddekav
		Arve Mjømen
○ Geistleg repr	Bjørn Magne Hansen	Geir Sørebo
Kommunal repr i GKF	Odd Harald Eide	Ingolf Wergeland

- Til ny prest er på plass

Tilsette

Det har vore nokre endringar i tilsette og stillingsstorleikar i 2019.

Tilsett	Stilling	storleik	
Peter T. Jobbagy	Organist	60%	
Peter T. Jobbagy	Kyrkjelydspedagog I tillegg utleigt 2% som organist andre kyrkjelydar	40% / 24%	Redusert i permisjonstida til Kristin Mjanger
Peter T. Jobbagy	Kyrkjetenar	14 %	Vikar for Kristin Mjanger
Trude Brosvik	Kyrkjevevje	80% / 20%	Permisjon frå oktober pga politiske verv
Ingunn Sognnes	Kyrkjevevje	40%	Frå 18.11.19
Margrethe Skåden	Kontorfullmektig	20%	
Astrid Øie Tveit	Kyrkjetenar	17%	
Randi Trædal	Kyrkjetenar	14%	
Kristin Mjanger	Kyrkjetenar	14%	Permisjon frå 1.mars
Aage Olav Sandal	Klokkar	5%	

Fellesrådet har selt tenester frå kyrkjelydspedagogstillinga til Høyanger kyrkjelege fellesråd, ca 2%. Inntektene blir brukt til å leige inn andre til trusopplæringsarbeid. Ma. leiger vi inn Maren Daa i inntil 10% til konfirmantarbeidet.

Av dei samla 2,5 årsverka er det to menn (105%) og 5 kvinner (145%) I tillegg kjem prest i 100% stilling, men som ikkje har GKF som arbeidsgjevar.

Klokkartenestene i Brekke og Mjømna blir løyst av frivillige, og sokneråda får utbetalt godtgjerdsle på kr. 15.000,00 kvar.

Prestesituasjonen i 2019

I 2019 har det vore ein noko uvanleg situasjon i Gulen, då det etter at Jens Linde reiste i januar ikkje har vore fast tilsett prest. Fram til og med påske blei prestetenesta dekkja av Børge Ryland, medan den etter det har vore delt mellom Bjørn Magne Hansen, prest i Solund, og Geir Sørrebø som er pensjonert prost. Bjørn Magne Hansen har i hovudsak tenestegjort på Mjømna, medan Geir Sørrebø har dekkja Gulen og Brekke. Når det gjeld konfirmantarbeidet så har det blitt ivareteke av Helle Kartveit som jobbar i NMSU, og konfirmantprest har vore Ola Johannes Jordal, Alversund. På slutten av året blei Per Børge Hillestad tilsett som ny prest, med oppstart i tenesta etter påske i 2020.



Pilegrimsvandring på Gulatinget i pinsa.

Foto: Trude Brosvik

Konfirmantarbeid og trusopplæring, diakoni og misjon

Konfirmantarbeidet:

I juni var det eit møte med leiarane for konfirmantopplegget, ungdommane og foreldra.

Hausten starta konfirmant-tida med presentasjons-gudstenester i dei ulike kyrkjene. Ein laurdag i september var det samling på Dalsøyra med undervisning, mat og leik. Det var ulike øvingar for å tenkje over sjølvbilete og menneskeverd, saman med andre tema som kyrkja, gudstenesta og identitet.

Utover hausten har det vore 4 samlingar på tirsdayskveldar på Dalsøyra Samfunnshus. Tema for undervisningane har vore: Skapinga, kven er Gud, Bibelen, bøn, Jesus døydde og sto opp, jul, nattverd og Jesus som førebilete. Det har vore 23 konfirmantar med på konfirmantopplegget.

Konfirmantopplegg fortset i 2020 med to laurdagssamlingar, ein tirsdayskveld, ein konfirmantweekend på Alværa (saman med Solund-konfirmantane) med påfølgjande samtalegudsteneste i Gulen kyrkje. Deretter er det konfirmasjonar.

Dei som har hatt ansvar for undervisninga og opplegget dette året er Helle Kartveit, Ola Johannes Jordal (prest) og Maren Eide. Med seg har dei gode frivillige som Eirik Halsnes, som har vore med på ein del undervisning.

Trusopplæringstiltak:

Prioriterte tiltak har vore Lys Vaken, Tårnagentar og mini-konfirmantar.

- Lys Vaken blei gjennomført i Gulen i desember i samband med konserten til Sigrid Moldestad.
- Tårnagent-samlingar på Mjømna blei ikkje gjennomført då oppsette datoar kolliderte med andre arrangement.
- Minikonfirmantane har hatt to samlingar på Dalsøyra, i tillegg til leir på Alværa.

Barnas Misjonsdag på Byrknes Bedehus blei gjennomført som familiegudsteneste med besøk av Helle Kartveit, NMSU.

Det blei utdelt 4-6-årsbøker på hausttakkefesten i kyrkjene, der borna bar inn frukt-og grønnsak-korger.

På pinsedag var det invitert til pilegrimsvandring på Gulatinget.

Barnehagen var invitert til Gulen kyrkje i desember for å høyre juleevangeliet, syngje julesongar og høyre orgelmusikk. Vellukka tiltak med godt oppmøte med 34 barn i alderen 1-6 år.

Kyrkjer og kyrkjegardar



Mjømna kyrkje februar 2019

Foto: Trude Brosvik

Det har gjennom året vore utført noko vedlikehald både på kyrkjer og kyrkjegardar:

- Det har blitt utført tilsyn på klokkeanlegga i kyrkjene etter inngått avtale om periodisk kontroll med Olsen Nauen Klokketøperi AS.
- Det er inngått 5-årig avtale om gravinga på kyrkjegardane med Brekke Maskin
- Sokneråda har hatt vårdugnad på kyrkjegardane
- Pensjonistlaget har hatt vårdugnad på kyrkjegarden i Gulen
- Det er sett opp nytt gjerde kring gravplassen i Gulen, vert ferdigstilt i 2020
- Det har blitt utført vedlikehald av orgelet i Gulen kyrkje, vedlikehaldet er utført av Jan Magne Fisknes, som bygde orgelet

- Brekke kyrkje har fått ei førebels godkjenning frå bispedømmet på å ta ut benkar og setje inn stolar, men det må lagast ein endeleg prosjektplan som også inneber endring av koropning og nytt golv.
- Brekke kyrkje har fått ny altarduk, sydd av Torunn Instefjord, gitt som gåve av Gulen kommune til 150-årsjubileet i 2012.
- Brekke kyrkje er vøla og målt utvendig
- På Oppedal gravplass er granhekk fjerna
- Klokketøpulen på Oppedal er reparert og måla
- På Mjømna er ny vasspost montert
- Etter omgraving av felt B på Mjømna har det vore problem med vatn, dreneringsrøyra er spylte for å ta unna vatnet og forbetre tilhøva
- PU-tenesta har sagt opp avtalen om gravstell. I Brekke og Gulen har no kyrkjetenar teke på seg gravstellet, medan Mjømna manglar nokon til å ta seg av det.



Granhekk Oppedal gravplass før og etter fjerning

Foto: Trude Brosvik



Maling Brekke kyrkje

Foto: Trude Brosvik



Økonomi

Rekneskapen for Gulen kyrkjelege fellesråd er ført på rekneskapsavdelinga i kommunen gjennom tenestekjøpsavtalen. Det er gitt tilskot frå kommunen med kr 2.259.000 i driftstilskot og kr 750.000 i investeringstilskot, totalte tilskot på kr 3.009.000. Det var først gitt investeringstilskot på kr 300.000, men blei auka med kr 450.000 etter søknad for å få sett i gang arbeidet med utvendig maling og vøling av Brekke kyrkje. Dette arbeidet er ført som vedlikehald i rekneskapen, då maling og vøling ikkje vert rekna som investering rekneskapsmessig.

Tenestekjøpsavtalen med kommunen inneheld avtale om rekneskapstenester, IKT-tenester, kontorlokale og tenester frå drift/vedlikehaldsavdelinga. Endeleg kostnad for denne tenesta utgjorde i 2019 kr 571.571,- men den har ikkje rekneskapsmessig effekt då den er sett opp i balanse.

Rekneskapen viser eit overskot på kr 727.309,52. Dette overskotet kjem i hovudsak av at investerings-og vedlikehaldsprosjekt som var sett opp på prioriteringslista ikkje er blitt gjennomførde. I tillegg er det eit mindreforbruk på lønskostnadar inkl sosiale utgifter på kr 225.173,- Dette skuldast at kyrkjeverje Trude Brosvik har vore frikjøpt til politisk arbeid gjennom året, og frå 3.oktober 2019 gjekk ned i 20% stilling. Ny kyrkjeverje Ingunn Sognnes blei tilsett i oktober, og starta i 40% stilling frå 18.november med 80 % først frå årsskiftet.